



Du kan lika det eller ei; men faktum er at mange kvinnheringar er opptekne av indre og ytre «luten» i kommunen, og då spesielt styrkjeforholdet og maktfordelinga mellom Husnes og Rosendal i kommunestyret. Som regel kjem dette bygdedyret til syne ved alle kommuneval. No viser det seg at bygdene utanfor Uskedalen, medrekna Halsnøy og Fjelberg – den såkalla «ytre luten» – har teke storparten av mandata i det nye kommunestyret. Heile 77 prosent, eller 27 representantar av 35 er busette i dette området.

Heile 77 prosent, eller 27 representantar av 35 er busette i dette området.

Høgre gjorde det aller best i valet. Med sine vel 31 prosent og 11 mandat i det nye kommunestyret får partiet den største gruppa.

Seks av den nye gruppa er busette i det som blir omtala som indre «luten».

Uskedalen fekk flest mandatar (6). Den vesle bygda Ølve får heile tre, alle frå Høgre.

Her er fordelinga bygdevis:

Fjelberg 1
Halsnøy 3
Hatlestrand 1
Herøysund 1
Husnes 4
Løfallstrand 1
Rosendal 2
Sandvoll 1
Sunde 5
Utåker 1
Valen 5
Uskedalen 6
Ænes 1
Ølve 3

Av Kristian Hus
HusnesNett